

## **Emnerapport våren 2015**


NORAN104-F (Prisme) Andrespråkslæring- og undervisning.

### **Faglærers vurdering av gjennomføring**

**Praktisk gjennomføring:** NORAN104-F er eit fjernundervisningstilbod som er 100% nettbasert. Fagstoffet er delt inn i sju syklusar som er strukturerete etter same prinsipp. Kvar syklus inneholdt to ulike typar virtuelle kollokvium som er obligatoriske å delta på (studentane er delte inn i faste grupper gjennom heile semesteret). Til kvar syklus finst det lydfiler, videoførelsingar, nettleksjonar, diskusjonsoppgåver (løyste i saman i kollokvium) og øvingsoppgåver (løyste på eige initiativ) med tilhøyrande løysingsforslag tilgjengelege i fillageret på Mi side. Studentane har kontakt med lærar gjennom Fagforum. Fagforum er eit felles diskusjonsforum på Mi side, der ein kan leggja ut spørsmål til medstudentar og lærar, og som lærar følgjer opp omrent dagleg.

**Strykprosent og fåfall:** 4 av 30 studentar strauk på skuleeksamen (13%). Ved oppstart var det 35 studentar påmelde. Fem studentar falt av undervegs i semesteret (30 tok skuleeksamen, 27 leverte rettleidd oppgåve, nokre hadde oppgåve frå tidlegare semester).

**Karakterfordeling:** Den samla karakteren er sett saman av karakteren på den rettleidde oppgåva (tel 40%) og karakteren på skuleeksamen (tel 60%). Den samla karakteren fordelt seg slik på skalaen:



**Studieinformasjon:** Informasjon om innhald i emnet, og om gjennomføring, har vore tilgjengeleg på EVU sine nettsider og på Mi side. Prisme-studentane får også ein e-post med viktig informasjon i god tid før oppstart. I denne e-posten vert dei mellom anna informerte om at dei bør orientera seg om studiet ved å lesa dokumentet «Generell informasjon om Prisme» som finst i fillageret på Mi side minst ei veke før oppstart. I dette dokumentet vert Prisme-studiet beskriven som heilskap med særleg vekt på organiseringa og forventningane til studentane frå vår side. Første møte er også eit virtuelt orienteringsmøte.

**Tilgang til relevant litteratur:** Pensum består av bøker og artiklar tilgjengelege i kompendium og på nettet. Utdrag av dei to lærebøkene på pensum finst tilgjengeleg på nettet.

### **Faglærers vurdering av rammevilkårene**

**Lokaler og undervisningsutstyr:** Emnet er 100% nettbasert. Mi side og Kark fungerer etter føremålet. Men det kan leggjast til at det kunne vore føremålstenleg med ein læringsplattform

som både kunne fungera som fillager, vera ein arena for kommunikasjon mellom student-student og student-lærar, og som også hadde tekstkommenteringsfunksjon (som Kark, der fleire kan arbeide på same dokument samstundes).

**Andre forhold:** På dette emnet er det obligatorisk med oppmøte (minst 75%) på kollokvia som vert halden på gruppeforum i Mi side kvar onsdag mellom 19 og 21. Fråværet har vore betydeleg mindre samanlikna med hausten 2014. Ingen studentar har vore i fare for å få for låg oppmøteporsent.

## **Faglærers kommentar til student-evalueringen(e)**

19 av 30 studentar svara på evalueringsspørsmåla som vart lagt ut på Mi side siste undervisningsveka, men alle 19 har ikkje svara på alle spørsmåla. Studentane vart ved fleire høve fram til skuleeksamen nokre veker etterpå oppmoda til å gå inn og svara på spørsmåla.

Nedanfor vert studentresponsane kort kommenterte *i kursiv*.

1. Har du studert NORAN101-F tidligere?  
Svaralternativer:  
Ja, høsten 2014  
Ja, en tidligere høst  
Nei  
*4/19 studentar var heilt nye på Prisme og har teke emnet i motsett rekkefølgje enn tilrådd.*
2. Hva synes du har fungert best på NORAN104-F nå i vår?  
*Det som går igjen i svara, er kollokvia, innføring av kollokvieleiar (det hadde me ikkje før), den faste strukturen på opplegget og kontakten med lærar.*
3. Hva synes du har fungert dårligst på NORAN104-F nå i vår?  
*Her er det litt ymse tilbakemelding, blant anna eit par som har vore misnøgd med kollokvia. Men det det er mest semje om her (5/16), er at fagstoffet (særleg lydfilane) ikkje er oppdaterte. Ein student nemner at Mi side verkar utdatert.*
4. Hva synes du om den generelle informasjonen som dere har fått på NORAN104-F?  
Har du noen konkrete forslag til eventuelle forbedringer (informasjon som har manglet, informasjon som burde vært klarere, osv.)?  
*8/17 er nøgde med informasjonsflyten, men 6/17 er misnøgde med informasjonen. Dei fleste av desse trekk fram ein konkret situasjon, der det ei stund svært tidleg i semesteret, låg ute feil eksamensdato på ei UiB-nettside (ein student viste på eit sein tidspunkt i semestret tilbake til den sida, sjølv om det var retta opp. Dette skapte litt kaos ei stund i Fagforum). I tillegg peikte eit par av dei også på at framsidemalen på Mi side ikkje var heilt riktig (det mangla plass til å skriva inn kandidatnummer i malen, men det vart retta opp litt før innlevering av den rettleidde oppgåva).*
5. NORAN104-F dekker et utvalg av emner (organisert i ulike sykluser). Hva synes du om dette utvalget? Har du noen konkrete forslag til eventuelle forbedringer (noe det burde vært mer om, noe det ble for mye om osv.)?

*13/17 er godt nøgde med utvalet.*

6. Hva synes du om rekkefølgen de ulike emnene kommer på i NORAN104-F? Har du noen konkrete forslag til eventuelle omrokninger av rekkefølgen?  
*Det er få studentar som har synspunkt her. Dei få som svarar, syns det er ok, men ein student ville heller hatt NORAN104-F om hausten og NORAN101-F (grammatikkurset) om våren.*
7. Hva synes du om pensumet på NORAN104-F? Har du noen konkrete forslag til endringer av pensum (noe som bør fjernes, legges til osv.)?  
*Nokon syns dette er ok, nokon nemner at pensum bør oppdatertast og nokon syns pensum er for omfattande. Ein student omtalar Tornberg si bok særleg positivt, ein student vil ha meir om lover og rettar.*
8. Hva synes du om arbeidsmengden på NORAN104-F? Har du noen konkrete forslag til eventuelle endringer av arbeidsmengde?  
*3/13 meiner at pensum er stort, men at det er akseptabelt. 2/13 meiner at pensumet absolutt er for omfattande. 6/13 syns omfanget er heilt greitt. Det einaste framlegget til endring kjem frå ein student, som ønskjer at undervisninga vert trekt lenger utover våren fordi semesteret er langt og fordi emnet er arbeidskrevjande og intensivt.*
9. Hva synes du om det skriftlige pedagogiske materiellet (syklusinstrukser med nettleksjoner, oppgaver, løsningsforslag og lærerrapport) på NORAN104-F? Har du noen konkrete forslag til eventuelle forbedringer?  
*Her er det utstrakt semje (minus ein student) om at det pedagogiske materialet er godt og til stor nytte.*
10. Hva synes du om det audiovisuelle materiellet (videoer og lydfiler) på NORAN104-F? Har du noen konkrete forslag til eventuelle forbedringer (noe som bør fjernes, legges til osv.)?  
*Omlag halvparten er godt nøgde med desse – men like mange peikar på at det audiovisuelle materialet verkar utdatert.*
11. Hva synes du om gjennomføringen av kollokviegruppene på NORAN104-F? Har du noen konkrete forslag til eventuelle forbedringer i opplegget?  
*11/13 er positive (alt frå ok til supert), men 2/13 syns at nokre av studentane på gruppa var for passive (vart «gratispassasjerar»).*
12. Alle studentene på NORAN104-F skriver en individuell oppgave hver innenfor en bestemt syklus. Hva synes du om oppgavetyperne som er gitt?  
*Dei fleste syns oppgåvene er greie.*
13. Hva synes du om måten arbeidet med den individuelle oppgaven er organisert på innenfor NORAN104-F med tilbakemeldinger fra studenter først og deretter fra faglærer? Har du noen konkrete forslag til eventuelle forbedringer i opplegget?  
*Omlag halvparten syns det fungerte bra – men omrent like mange syns ikkje dei fekk så mykje ut av medstudentane sine kommentarar.*
14. Hva er din vurdering av nytten av det at studenter kommenterer hverandres tekster i responskollokviene? Har du noen konkrete forslag til hva de som jobber på emnet,

kan gjøre for at studentenes tekstkommentering kan bli enda bedre?

*Her kjem det fram noko av det same som i spørsmålet ovanfor. I tillegg er det nokre som ønskjer meir konkrete retningslinjer på korleis ein kommenterer andre sine studenttekstar.*

15. Hva synes du om gjennomføringen av Fagforum (spørsmål og kommentarer fra både studenter og faglærere) på NORAN104-F? Har du noen konkrete forslag til eventuelle forbedringer?

*9/12 er positive, men nokre få beklagar at dei ikkje hadde kapasitet til også å engasjera seg på Fagforum.*

16. Til studenter som tok NORAN101-F i høst: Hvor nyttig har fagstoff fra NORAN101-F vært for studiet ditt av NORAN104-F? Begrunn svaret ditt under.

Svaralternativer (der 1 er laveste og 5 er høyeste skåre): *Gjennomsnittskåre er 3,9.*

17. Til studenter som IKKE tok NORAN101-F i høst: Hvordan har det vært å ta NORAN104-F uten å ha studert NORAN101-F tidligere?

*3 av desse svara, og to av dei syns at det var vanskeleg.*

18. Til alle studenter: Vil du anbefale Prismemidlene (NORAN101-F og NORAN104-F) til andre? Begrunn svaret ditt.

Svaralternativer (der 1 er laveste og 5 er høyeste skåre): *Gjennomsnittskåre er 4,2.*

### **Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak:**

Studentane verkar å vera generelt positive til emnet. Fleire av dei punkta som studentane påpeikar som problematiske, er me kjende me frå tidlegare evalueringar: stort pensumomfang, manglande oppdatering av det audiovisuelle materialet, svært liten toleranse i denne studentgruppa for uklare beskjedar (stiller store krav til informasjonsflyten). Oppdateringar og endring av pensum er me i gang med frå og med hausten 2015 (engasjert ein person på Prismemidlar for å oppdatera delar av pensumet og det pedagogiske materialet i NORAN104-F). Det er verdt å ta med seg at fleire studentar peikar på at innføringa av kollokvieleiar har vore positivt. Elles bør me særleg notera oss at relativt mange studentar syns dei får lite utbyte av medstudentane sine kommentarar på førsteutkastet av oppgåva (faglærar kommenterer andreutkastet). Nokre etterspør retningslinjer og opplæring i korleis kommentera andre sine tekstar.